

Innkalling

Utval: **Haram kontrollutval**
Møtestad: Haram tenestehus Brattvåg
Dato: 05.06.2025
Tidspunkt: 09:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 12/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 13/25 Meldingar og skriv
MS 04/25 Nyval av medlem og leiar i Haram kontrollutval mai 2025
MS 05/25 Oppdatering frå revisor på forvaltningsrevisjon –
 personalforvaltning
PS 14/25 Nummerert brev nr.1 /2025 frå revisor
PS 15/25 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 frå Haram
 kontrollutval
PS 16/25 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 frå Haram
 kontrollutval

Ålesund, 04.06.2025

Åge Vikestrand
Leiar

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 12/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Haram kontrollutval - 27.03.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 13/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

04/25 Nyval av medlem og leiar i Haram kontrollutval mai 2025
05/25 Oppdatering frå revisor på forvaltningsrevisjon – personalforvaltning

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 04/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Nyval av medlem og leiar i Haram kontrollutval mai 2025 Haram kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sjå vedlagte informasjon frå Haram kommunestyre.

Vedlegg

Melding om vedtak 09.05.2025 - Nyval av medlem og val av leiar til kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 05/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Oppdatering frå revisor på forvaltningsrevisjon – personalforvaltning Haram kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er viktig at kontrollutvalet halder seg løpande orientert om arbeidet med forvaltningsrevisjonar på vegne av kommunestyre. Vedlagt finn dykk ei slik oppdatering frå oppdragsansvarleg revisor Einar Andersen på forvaltningsrevisjonen - personalforvaltning.

Vedlegg

2025-05-07 Underveisrapport - Haram kommune_PDF

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 14/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Nummerert brev nr.1 /2025 frå revisor Haram kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Revisor skal melde frå skrifteleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit nummerert brev nr. 01 datert 3. juni 2025 der revisor informerer kontrollutvalet om høve som har konsekvensar for årsrekneskapen 2024.

Revisor bør i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for dette nummererte brevet og kva revisor har gjort/kjem til å gjere for å følgje opp dette.

Brevet omhandlar to høve som kontrollutvalet og kommunestyre bør være kjend med:

1. fordeling av forplikting til Nordøyvegen og fordring mot Ålesund kommune på 3.766.000 kr.
2. usikkerheit til krav mot Ålesund kommune for manglande innrapportering av PU (psykisk utviklingshemma) på 11.500 000kr.

Vedlegg

Nummerert brev nr. 01 - Haram kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 15/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 frå Haram kontrollutval Ingebrigt Davik Huset KF

Sekretariatet si innstilling:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Haram kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024 for Ingebrigt Davik Huset KF.

Kontrollutvalet vil minne kommunestyret om det ansvaret som ligg til å følgje god rekneskapsskikk og dei fristar som følger av kommunelova. Dette gjeld og kommunale foretak som kommunestyret har det øvste ansvaret for.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2. Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Kommunelova stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar. Kontrollutvalet

sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Vurdering:

Kommunelova seier at kontrollutvalet skal uttale seg om årsrekneskap og årsmelding, men det er ikkje gitt nærare føringar om innhaldet i uttalen. Kommunal- og distriktsdepartementet har i sin rettleiar til forskrift om kontrollutval og revisjon sagt følgjande:

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalgets uttale vil dermed være de feil og mangler eller andre forhold som regnskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til regnskapsrevisjonen.

Sekretariatet sitt råd til kontrollutvalet i denne saka, er å konsentrere seg mest om sjølve årsrekneskapen og årsmeldinga. Og, sett i lys av revisor si revisjonsberetning, ha fokus på om desse er rette og fullstendige.

Kontrollutvalet kan vurdere om der er forhold ein ynskjer å gjere kommunestyret særskilt merksam på i uttalen, sjølv om utvalet uttaler at kommunestyret bør godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024. Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret og sjå til at rekneskapen vert reviderte på ein forsvarleg måte.

Dei kontrollpunkta som kontrollutvalet har hatt regelmessig med revisor gjennom dette rekneskapsåret, har ikkje hatt særskilt fokus på det enkelte kommunale føretak sett for seg, men på kommunen si verksemd samla sett. Utvalet har ein god dialog både med revisor og med kommunedirektør.

Revisor gav først ei negativ melding, datert 15. april 2025. Dette fordi årsrekneskapen og årsmelding 2024 ikkje låg føre innan den fristen som kommunelova set. Denne meldinga var trekt tilbake og erstatta, når årsrekneskap og årsmelding 2024 vart ferdig revidert 2. juni 2025.

Når det gjeld årsrekneskap 2024 så viser den at Ingebrigt Davik-huset KF har eit netto negativt driftsresultat på kr 723.328 Revisor har i si melding ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga. Revisor stadfestar at føretaket har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringsskikk. Revisor melder at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Revisor omtaler og viser til det ansvaret som ligg i å forklare beløpsmessige avvik og premissane for desse. I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga til Ingebrigt Davik-huset KF gjev tilstrekkeleg informasjon om dei budsjettavvik som er vesentlege.

Vedlegg

Revisjonsmelding 2024 - Ingebrigt Davik huset Haram KF

Årsmelding 2024 sign
Forskriftsskjema ID-huset 2024 -revidert
Noter 2024 - selskap 2 - revidert

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 16/25 Haram kontrollutval

Møtedato
05.06.2025

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 frå Haram kontrollutval Konsolidert

Sekretariatet si innstilling:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Haram kommunestyre kan godkjenne konsolidert årsrekneskap og årsmelding 2024 for Haram kommune.

Kontrollutvalet vil minne kommunestyret om det ansvaret som ligg til å følgje god rekneskapskikk og dei fristar som følger av kommunelova. Haram kommunestyre bør gjere seg kjend med dei merknadane som kjem fram i revisjonen si revisjonsberetning.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2. Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Kommunelova stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar. Kontrollutvalet

sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Vurdering:

Kommunelova seier at kontrollutvalet skal uttale seg om årsrekneskap og årsmelding, men det er ikkje gitt nærare føringar om innhaldet i uttalen. Kommunal- og distriktsdepartementet har i sin rettleiar til forskrift om kontrollutval og revisjon sagt følgjande:

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalgets uttale vil dermed være de feil og mangler eller andre forhold som regnskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til regnskapsrevisjonen. Med andre ord om rekneskapet er riktig avlagt.

Sekretariatet sitt råd til kontrollutvalet i denne saka, er å konsentrere seg mest om sjølve årsrekneskapen og årsmeldinga. Og, sett i lys av revisor si revisjonsberetning, ha fokus på om desse er rette og fullstendige.

Kommunelova fastset at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding før formannskapet innstiller til vedtak.

Når formannskapet fremmer saka vidare til kommunestyret for vedtak, skal uttalen frå kontrollutvalet ligge ved saka.

Grunnlaget for den uttalen som Haram kontrollutval her skal gje, er Haram kommune sitt konsoliderte årsrekneskap (kommunekassa og I.D. Huset KF) og årsmelding for 2024 samt uavhengig revisor si endelege beretning datert 03.06.2025.

Revisor gav ei negativ revisjonsberetning datert 15.04.2025 fordi årsoppgjeret ikkje var levert innan fristen. Denne revisjonsmeldinga er no erstatta av ei ny revisjonsberetning datert 3. juni 2025. Den nye beretningen er gitt med atterhald men konkluderer med at årsrekneskapen kan godkjennes.

Atterhaldet omhandlar 2 høve:

- usikkerheit knytt til forplikting av Nordøyvegen
- usikkerheit til krav mot Ålesund kommune for manglande innrapportering av PU (psykisk utviklingshemma)

Oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen bør forklare dette nærare på kontrollutvalet sitt møte torsdag 5. juni 2025. Haram kommunestyre bør og være kjend med desse høva og sekretariatet vel å ta dette punktet med i forslag til uttale. Kontrollutvalet står fritt til å gjere endringar på sekretariatet si innstilling til uttale om dei ønskjar det.

Vedlegg

Revisor si melding 2024 - kommunekassa og konsolidert

Driftsrekneskap 2024 - Haram kommune

Noter 2024 årsrekneskap kommunekassa - Haram kommune

Noter 2024 årsrekneskap konsolidert - Haram kommune

Investeringsrekneskap 2024 - Haram kommune

Årsberetning Haram kommune 2024

Leiinga sin uttale 2024 - Haram kommune